

## **SPRÅKIDEOLOGI OG SPRÅKPLANLEGGING I NOREG**

Lingvistikken er ein deskriptiv vitskap. Det normative er det solid tradisjon for å halde utanfor definisjonen av det "vitskaplege" – det blir rekna som "språkpolitikk" eller som ei rein kjenslesak. Samtidig foregår språkplanlegginga ofte på ein ureflektert måte, nattopp fordi prinsippa og ideologiane som ligg til grunn ikkje blir studerte og analyserte vitskapleg. Teorien og praksisen blir forviste til ulike sfærar.

Eit føremål med denne artikkelsamlinga er å kople desse sfærane saman – å skape ein fagleg debatt om forholdet mellom overordna ideologiske eller språkpolitiske premissar og dei meir spesifikke normeringsprinsippa. På denne måten kan ein setje enkeltvedtak og delproblem inn i større systematiske samanhengar. Såleis ønskjer vi også å markere at språkplanleggingsteori er ein vitskapleg disiplin – ei grein av den anvendte språkvitskapen.

Boka er eit resultat av ein konferanse som vart skipa til på Geilo 7.–8. september 1990.